

Lindås kommune Oppvekst  
 Kvernhusmyrane 20  
 5914 Isdalstø

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
16 DES 2019	
Ark. saksnr. 15/2014	Løpenr.
Saksh.	Tilgangskode

### Orientering om evaluering av Statped sitt samarbeid med kommunane og fylkeskommunane i region vest

Statped vest har i dag eit systematisk og godt samarbeid med kommunane i region vest. Kommunane skal oppleve at Statped sine tenester er aktuelle og treffsikre, og vi er opptatt av at tenestene bidreg til god og tilpassa opplæring for barn, unge og vaksne med spesialpedagogiske behov.

Vi er i gang med ei evaluering av dette kommunesamarbeidet og ynskjer i første omgang å intervju eit utval av kommunane/fylkeskommunane vi samarbeider med. Samarbeida er ulikt organiserte, og vi vil derfor kontakte dei som er ansvarlege for samarbeida i kommunane/fylkeskommunane for å be om eit intervju. Dersom du som mottakar av denne informasjonen ikkje vert invitert til eit intervju, men har konkrete forhold du ynskjer å melde tilbake til oss, er du velkomen til det.

### Evaluering av kommunesamarbeidet

Eit godt kommunesamarbeid skal sikre at våre tenester vert gitt med utgangspunkt i kommunane sine behov, Statped sine hovudmål og regjeringa sine forventningar til ei god utnytting av ressursar i offentleg sektor.

Sektoren generelt, og det spesialpedagogiske feltet spesielt, må omstille seg i tida framover. Innføring av nye fagplanar og nasjonale føringar i den nye Meld.St. nr. 6 (2019-2020) «Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO» gjer at Statped ønskjer å vurdere korleis kommunesamarbeidet bør vidareutviklast for å tilpasse seg desse endringane. Det er såleis viktig for oss å få tilbakemeldingar frå kommunane om erfaringar frå samarbeidet med Statped, og råd om korleis dette samarbeidet kan vidareutviklast.

I tillegg til intervju med kommunane og fylkeskommunane skal vi intervju dei interne kommunekontaktane i Statped, samt innhente faktabaserte data. Evalueringa skal gjennomførast av Statped vest. Intervjua vil gå føre seg i perioden desember 2019 – januar 2020. Evalueringsarbeidet skal munne ut i ein rapport som skal vere ferdig i februar/mars 2020.

Vår dato      Vår referanse  
11.12.2019   2019/9001

## Statped

---

Lurer de på noko knytt til denne evalueringa er du velkomen til å kontakte:

Marianne L. Berge, [Marianne.Lundervold.Berge@statped.no](mailto:Marianne.Lundervold.Berge@statped.no)

Pia Vangen, [pia.torill.vangen@statped.no](mailto:pia.torill.vangen@statped.no)

Det er desse to som også vil stå for gjennomføringa av evalueringa.

Venleg helsing

Gerd Ingunn Opdal  
regiondirektør

Dokumentet er elektronisk signert.

Kopi av innhaldet er sendt til PP-tenesta på e-post.